



Sokneprest Sven Harald Nilsen i friluft i 2009

Dei årlege friluftsgudstenestene på Skorpo har vorte ein sikker tradisjon. For det meste må dei haldast under tak fordi det er regn eller trussel om regn og då er Løa på Søre Skorpevågen eit godt alternativ. Men søndag klokka 14 er det kanskje fint i friluft?

Men det er unnatak og eit var gudstenesta i 2009 som mange minnst med særleg glede.

Då vart ho halden i skuggen av eit morelletre og dei 30 frammøtte sat i skuggen langs vegen opp til garden. Organist Reidar Algerøy fekk til klokkeklangen på medbragt elektronisk instrument og sokneprest Sven Harald Nilsen var tydeleg inspirert av å preika i Guds frie natur.

Han konstaterte at ei messe i friluft gav både innsikt og utsikt og kom med ei sterk oppmoding om å ta vare på både kvarandre og på naturen. Nilsen konstaterte at vi skal dyrka og verna om det skapte, men hadde ein liten 'korleksjon' til trusvedkjenninga: Gud skapar framleis, han skapar til dømes på nytt kvar vår og sommar!

Soknepresten gjekk inn for bruk av meir fornybar energi, til dømes vasskraft framfor varmekraft. - Hugs at jorda skal vera ein triveleg plass også for slektene som kjem etter oss, sa Nilsen. Dette året var det 6 fastbuande på øya med Nils Vågen (då 87) i spissen og alle var med i gudstenesta.

Det var også den utflytta Annbjørg Vågen som har spela ei

vesentleg rolle i mange år under desse gudstenestene.

Også dette året trilla ho inn messecaffen på ei trillebør og starta dermed eit triveleg og sosialt puktum for ei messe med ein sterk innebygd appell.

Og i år er det Pål Dale sin tur til å preika.

Båten går frå Sandakaien klokka 13

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen